



KINN KOMMUNE

## M Ø T E P R O T O K O L L

UTVAL:       Kontrollutvalet  
DATO:        28. September 2020  
STAD:        Florø, Samfunnshuset: Møtesalen  
  
TID:         Kl. 09.00 – 15.00.

### *DELTAKANDE I MØTET:*

Kontrollutvalet:       Bjørn Hollevik, leiar  
                              Nils Myklebust, nestleiar  
                              Kjell Heggen, medlem

Vara:                    Rune Nilsen for Bente Frøyen Seindal  
                              Bjarne Holme for Hanne Husebø Kristensen  
                              Olaug Tennebø for Nils Myklebust i sak 83/20

Vest kontroll:         Jostein Støylen, dagleg leiar  
                              Jorunn Sandal, spesialrådgjevar

Vestland Revisjon:   Asgeir Tveit, konst. dagleg leiar/oppdragsansvarleg revisor fin.rev.  
                              Charles Litsheim, revisjonssjef forvaltning. Frå sak 79.  
                              Trine W. Havn. Forvaltningsrevisor. Frå sak 79.

Kinn kommune:        Frode Ellingsund, teknisk sjef. I sak 79  
                              Kim Hjelle, brannsjef. I sak 79  
                              Ingvill Førde Torvanger, Hovudverneombod i Florø. I sak 78

Forfall:                Bente Frøyen Steindal.  
                              Hanne Husebø Kristensen.

Møtet var leia av:    Bjørn Hollevik

## **SAKLISTE**

- SAK 74/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT AV MØTEPROTOKOLLEN
- SAK 75/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 76/20 SKRIV OG MELDINGAR
- SAK 77/20 REVISJONSPLANLEGGING 2020 – FINANSIELL REVISJON \*
- SAK 78/20 SAMTALE MED HOVUDVERNEOMBOD
- SAK 79/20 KOMMUNEDIREKTØREN - ORIENTERING OM VASSTRYKK VEDKOMANDE SIKKERHEIT VED BRANN I FLORØ OG MÅLØY\*\*
- SAK 80/20 ÅRSMELDING MED REKNESKAP OG REVISJONSBERETNING 2019 FOR NORDFJORD MILJØVERK IKS
- SAK 81/20 REKNESKAP OG REVISJONSBERETNING 2019 FOR NORDFJORD HAVN IKS
- SAK 82/20 ÅRSREKNESKAP OG REVISJONSMELDING 2019 FOR ASVO MÅLØY AS
- SAK 83/20 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON – KOMMUNEN OG SELSKAP\* \*\* \*\*\*
- SAK 84/20 BUDSJETT FOR KONTROLLUTVALET 2021
- SAK 85/20 OPPFØLGINGSLISTE
- SAK 86/20 SAKER TIL EVENTUELL SEINARE BEHANDLING

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
74/20	033	16.09.2020	28.09.2020	KS

## GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT AV MØTEPROTOKOLLEN

### Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent, med atterhald om å utsetje sakene 80, 81 og 82.
2. Innmelde spørsmål/saker vert å ta opp til vurdering i sak 86.
3. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Rune Nilsen.

### I møte

- Vurdering om å utsette behandling av sakene 80, 81 og 82 til seinare møte. Dette av omsyn til tidsperspektivet på dette møtet, samt at ein vil invitere styreleiar og dagleg leiar til Kontrollutvalet for å orientere om selskapet og svare på spørsmål. Det vert teke standpunkt til utsetjing når ein kjem til sakene.
- Desse melde inn spørsmål vedkomande sak 86/20 Saker til eventuell seinare behandling.
  - Nils Myklebust – Fleire svar til sak 67/20 Fotballhallen i Florø.
  - Kjell Heggen – vedkomande lovlegkontroll. Sakkyndig nemnd for eigedomsskatt.
  - Bjørn Hollevik – Forespurnad frå Maritim Forrening om utbetaling av innvilga tilskot.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
75/20	049	16.09.2020	28.09.2020	KS

## GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 01.09.2020. Det blei påpeika at det bør komme med i protokollen at det var 1 minutt stillhet til minne om Terje Førde.

### Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 01.09.2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
76/20	033&17	16.09.2020	28.09.2020	JSa

## SKRIV OG MELDINGAR

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

## Vedlegg

1. Frå nettavisa kommunalrapport, av 07.09.2020 «Ikke nødvendig å erstatte hele kontrollutvalget selv om lederen får fritak».
2. Frå nettavisa kommunalrapport, av 17.08.2020. «Kontrollutvalget kan kreve at kommunedirektøren stiller på møte».

## I møte

Leiaren nemnde at det i neste kommunestyremøte blir nyval på nytt kontrollutval som følgje av dei nye samarbeidsforholda i kommunestyret. Han rekna med ny leiar blir vald frå mindretalet i kommunestyret.

## Saksopplysningar

Viser til vedlegga.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
77/20	216	16.09.2020	01.09.2020	JS/KS

## REVISJONSPLANLEGGING 2020 – FINANSIELL REVISJON

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek til vitende «Revisjonsplanlegging 2020 – finansiell revisjon, for Kinn Kommune, utarbeida av Vestland Revisjon.

## Vedlegg

Ingen.

## I møte

Det vert reist spørsmål om å stenge møtet ved revisor sin gjennomgang av planleggingsdokumentet. Sekretariatet gjorde greie for grunnlaget for at møtet burde stengast. Ein gjennomgang i ope møte vil føre til at dei organ som skal kontrollerast vil få innsyn og kunne påvirke muligheita for forsvarleg kontroll.

Både debatten og avstemminga om lukking av møtet vart gjort i ope møte.

Kontrollutvalet vedtok å stenge møtet md heimel i Kommunelova § 11-5 3.lekk b). Jf. Offl. §24. 1. lekk

Oppdragsansvarleg Asgeir Tveit orienterte frå planleggingsdokumentet, som vart delt ut og samla inn igjen. Han svara og på spørsmåla som kom opp.

Det kom fram at revisjonen ikkje har fått oversendt inngåande balanse for Kinn Kommune pr. 01.01.2020 som er ei samanslåing av Vågsøy og Flora Kommunar sine balansar pr. 31.12.2019. Dette vil Asgeir Tveit ta opp med kommunedirektøren.

Etter orienteringa frå revisor vart møtet opna igjen.

## Saksopplysningar

Vestland Revisjon ved oppdragsansvarleg revisor Asgeir Tveit, har utarbeida eit planleggingsdokument for revisjonsarbeidet – finansiell revisjon for 2020, for å sikre ein forsvarleg revisjon. Dokumentet er i samsvar med regelverket.

Planleggingsdokumentet går oppdragsansvarleg revisor gjennom i lukka møte.

Sjølve dokumentet vert arkivert i kommunen sitt arkiv i Vest kontroll.

Dokumentet vil ikkje bli utsendt, då det er **unnateke off. innsyn, jfr. offl. § 24.1 lekk.**

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
78/20	400	16.09.2020	28.09.2020	JSa

## SAMTALE MED HOVUDVERNEOMBOD (HVO) i KINN KOMMUNE, FLORA

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek innspela frå hovudverneomboda med seg vidare m.a. i arbeidet med å utarbeide plan for forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet oppmodar derfor hovudverneomboda (HVO) om å skrive ein rapport om vernetenesta i Kinn Kommune.

### Vedlegg

Ingen.

### I møte

Hovudverneombod for tidlegare Flora kommune Ingvill Førde Torvanger orienterte om situasjon i den sørlege delen av Kinn og svara på spørsmål. Ho teikna eit meir alvorleg bilete av arbeidsforholda enn kollegaen frå Nordre Kinn gjorde i møtet 1. september.

Dette kom fram: Gjengitt etter godkjenning av Ingvill Førde Torvanger

- Grunna store avstandar i kommunen, meiner ho at det framleis bør vere to hovudverneombod, både i tidlegare Flora og Vågsøy Kommunar.
- For å få gjort ein grundig jobb bør frikjøpet i stillinga til hovudverneombod i tidlegare Flora Kommune vere 100%. 20% som i dag er altfor lite. I Nordre del av Kinn er det ikkje frikjøp i det heile.
- Alle verneomboda og medlemmane i AMU bør minst ha 40 timars-kurset og få fri til det.
- I tillegg bør dei vere på kurs og konferansar i regi av t.d. fagforreiningar og Arbeidslivssenteret.
- AMU har fått beskjed frå leiar Heidi Rønhovde, at dei som ikkje har kurset, skal ta det.
- Verneomboda treng støtte. Hovudverneombodet ønsker tid til å følgje dei betre opp.
- Hovudverneombodet ønsker å vere oppsøkande. Høyrer om ein del konflikter, som det ikkje vert teke tak i eller gjort noko med.
- Manglande ressursar til arbeidet fører til at det er mange viktige oppgåver ein ikkje rekk. Det er viktig å gripe tak i mindre problem slik at dei ikkje får utvikle seg.
- Kommunen sitt avvikssystem blir truleg brukt i for liten grad. Hovudverneombodet meiner ho ikkje får vite om alle avvika.
- Hovudverneombodet vil vere brubyggjar og har godt samarbeid med dei hovudtillitsvalde.
- Ho er bekymra for mange sine arbeidsforhold og arbeidsmengde, pga kutt og nedskjeringar.

- Er også bekymra for presset på avd.leiarar og tenesteleiarar, med press både ovanfrå og nedanfrå.
- Barnehagar:
  - Lite ressursar til observasjon, og oppfølging av det enkelte barn.
  - Manglande vedlikehald i barnehagar.
- PPT:
  - Solskjerming, høge temperaturar. Målt opp i 33.4 gr.
  - Vindauge vanskeleg å opne bl a pga råte.
  - Heis teke ut av drift pga at den stoppa mellom etasjane. Foreldre med barnevogn og dei med fysisk funksjonsnedsetting, kjem seg ikkje opp på kontoret.
- Meirarbeid for mange pga. korona.
- Mangelfull reinhald på enkelte avdelingar. Burde vere særskildt viktig no under pandemien.
- Kommunal avtale på skadedyr? Dyrt for den enkelte skule/barnehage å ha eiga avtale.

Hovudverneombodet set pris på å bli invitert til Kontrollutvalet.

Kontrollutvalet stilte seg spørsmål om ein bør invitere med verneombod når ein etter kvart skal få til orientering frå dei ulike sektorane i kommunen.

### Saksopplysning

Ingvill Førde Torvanger er kalla inn for å orientere og svare på spørsmål.

Hovudverneomboda seier litt om sitt eige syn på kva som fungerer godt og mindre godt ut frå desse spørsmåla:

- Er det område som dei meiner fungerer mindre bra enn andre i Kinn kommune?
- Kva ville dei sette søkelys på dersom dei skulle bestille ein forvaltningsrevisjon eller anna undersøking?

Kontrollutvalsmedlemmane bør tenkje igjennom spørsmål dei vil stille til hovudverneomboda.

Linda Blålid Lågeide møtte på kontrollutvalsmøte 01.09.20 og peika særskilt på fire forhold:

- Ulik organisering av verneombodsfunksjonen i tidlegare Flora og Vågsøy Kommunar.
- Spesielt høg arbeidsbelastning i heimetenesta i tidlegare Vågsøy.
- For lite sjukepleiarressursar i tidlegare Vågsøy.
- Bekymra for sikkerheta for barn i barnehagane sitt uteområde.

Kontrollutvalet tek signala med seg vidare i si vurdering av mulege kontrollområder.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
79/20	047	16.09.2020	28.09.2020	KS/JS

### KOMMUNEDIREKTØREN - ORIENTERING OM VASSTRYKK VEDKOMANDE SIKKERHEIT VED BRANN I FLORØ OG MÅLØY

#### Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunedirektøren ved teknisk sjef og brannsjef til vitende.
2. Kontrollutvalet ber om å få brannrapportane frå brannen i Torvmyra og Lyngvegen og referatet frå

møtet mellom brannvesenet og Avinor.

### **I møtet**

Teknisk sjef Frode Ellingsund og brannsjef Kim Hjelle orienterte og svarte på spørsmål, bl.a. ved PowerPoint.

Ein viser her til orienteringa ved PowerPoint som vert vedlagt saka (også på heimesida).

### **Saksopplysningar**

Kommunedirektøren vert kalla inn for å orientere om vasstrykk vedkomande sikkerheit ved brann i Florø og Måløy, samt svare på spørsmål.

<b>Saksnr.:</b>	<b>Arkivnr.:</b>	<b>Dato:</b>	<b>Møtedato:</b>	<b>Saksbehandlar:</b>
<b>80/20</b>	026	16.09.2020	28.09.2020	JS/KS

## **ÅRSMELDING MED REKNESKAP OG REVISJONSBERETNING 2019 FOR NORDFJORD MILJØVERK IKS**

### **Vedtak**

Kontrollutvalet viser til sak 74/20 og utset saka til eit seinare møte.

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek årsmelding med rekneskap og revisjonsberetning 2019 for Nordfjord miljøverk IKS til vitende.

### **Vedlegg**

1. Årsmelding 2019 med rekneskap og revisjonsberetning.
2. Styrevedtak
3. Representantskapsvedtak.

### **Saksopplysningar**

Kontrollutvalet skal i samsvar med Kommunelova § 23-6 sjå til at det vert ført kontroll med kommunens interesse i selskap. Vi legg difor fram årsmelding med rekneskap og revisjonsberetning. Viser til vedlegg for utfyllande informasjon.

<b>Saksnr.:</b>	<b>Arkivnr.:</b>	<b>Dato:</b>	<b>Møtedato:</b>	<b>Saksbehandlar:</b>
<b>81/20</b>	026	16.09.2020	18.09.2019	JSa

## **REKNESKAP OG REVISJONSBERETNING 2019 FOR NORDFJORD HAVN IKS**

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet viser til sak 74/20 og utset saka til eit seinare møte.

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek årsrekneskap og revisjonsberetning 2019 for Nordfjord Havn IKS til vitende.

## Vedlegg

1. Møtebok frå hamnerådsmøtet 26.06.2020
2. Revisjonsberetning datert 27.05.2020
3. Årsrekneskap 2019

## Saksopplysningar

- Kontrollutvalet skal i samsvar med Kommunelova § 23-6 sjå til at det blir ført kontroll med kommunen sine interesser i selskap. Vi legg difor fram siste årsrekneskap og revisjonsmelding.
- Selskapet er eit interkommunalt selskap for hamnesamarbeid i Nordfjord.
- Årsrekneskapen viser eit **overskot på kr 9,5 mill.** som utgjer 1/3 av **inntektene på ca. 31 mill.**
- Overskotet er ca. 2 mill lavare enn budsjettet. Avviket ligg i hovudsak på andre driftskostandar. Finansinntekene er ca. 600 000 over budsjettet.
- Eigenkapitalen utgjer 27,6% av bokført totalkapital (sum gjeld og eigenkapital).
- Hamna sin **økonomi er god.**
- Selskapet har bortfall av inntekter pga. covid-19.
- Stad Kommune har vedteke å gå ut av det interkommunale selskapet i 2020.
- Viser til vedlegg for utfyllande informasjon.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
82/20	026	22.09.2020	28.09.2020	JSa

## ÅRSREKNESKAP OG REVISJONSMELDING 2019 FOR ASVO MÅLØY AS

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet viser til sak 74/20 og utset saka til eit seinare møte.

### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek årsrekneskap og revisjonsmelding 2019 for ASVO MÅLØY AS til vitende.

## Vedlegg

1. Møtebok frå generalforsamling 4. juni 2020
2. Protokoll frå styrebehandling av årsrekneskapet
3. Revisjonsberetning datert 6.5.2020
4. Årsrekneskap 2019

## Saksopplysningar

- Kontrollutvalet skal i samsvar med Kommunelova § 23-6 sjå til at det blir ført kontroll med kommunen sine interesser i selskap. Vi legg difor fram siste årsrekneskap og revisjonsmelding.



- Selskapet er eit heileigd aksjeselskap av Kinn Kommune. Formannskapet utgjer generalforsamlinga.
- Inntektene utgjer ca. kr 9,270 mill. Auke frå kr. 9,055 mill i 2018. Auken utgjer 2,4%.
- Årsrekneskapan viser eit overskot på ca. kr 390 000. Auke frå kr 142 000 i 2018.
- Resultatforbetringa kjem hovudsakleg av omsetningsauke og reduksjon i andre driftskostnadar.
- Bokført eigenkapital 31.12.2019 er ca. kr 6,4 mill. Dette utgjer 58% av totalkapitalen (sum gjeld og eigenkapital) på ca. kr 11 mill. Eigenkapitalprosenten er svært bra.
- Selskapet har hatt stødig og god leiing i mange år.
- Årsmelding for 2019 er ikkje utarbeida. Dette vil bli gjort frå 2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
83/20	217	18.09.2020/24.09.2020	28.09.2020	JS

## PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON – KOMMUNEN OG SELSKAP

### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet utset ferdigbehandling av saka til neste møte.

### I møtet

Revisjonssjef forvaltningsrevisjon Charles Litsheim gikk igjennom Overordna analyse og svara på spørsmål som kom om den.

Sekretariatet gjorde greie for utforminga av innstillinga m.a. at ein i denne saka måtte ta med eventuelle forvaltningsprosjekt på selskap.

Kontrollutvalet fann ut at dei på dette møtet ville drøfte ulike prosjekt som kan vere aktuelle, for deretter å kome tilbake til endeleg liste på neste møte til prosjekt for utføring, før utvalet legge saka fram for kommunestyret til vedtak.

Desse prosjekta vart spesielt nemnde:

- GDPR
- Beredskap
- Bemanninga på institusjonane
- Økonomi særleg med vekt på investeringsprosjekt
- Oppfølging av tidlegare forvaltningsrevisjon på Nordfjord Havn IKS
- Korleis kommunen handterer FN sine krav om berekraftige mål
- Korleis saksbehandlinga er (førebur/får fram saker) med økonomiske konsekvensar

Kontrollutvalet var også innom kva som kan gjennomførast som forvaltningsrevisjon, rapportar eller granskning.

## **Forslag til innstilling**

1. Kommunestyret vedtek å prioritere flg. forvaltningsprosjekt i planperioden:
  - 
  - 
  - 
  - 
  -
2. Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å vedta prioritetsrekkefylje og evt. leggje til nye prosjekt innan ramma for utføring.
3. Kommunestyret vedtek at betaling for utførte prosjekt vert dekkja inn i den årlege betalings-/tilskotsordninga til kommunen sin revisjon. Dersom andre utfører forvaltningsrevisjon på grunn av habilitetsomsyn, kapasitetsomsyn eller kompetanse, vert betaling å avgjere i det enkelte tilfelle (jf. lov om off. innkjøp).
4. Kommunestyret vedtek at denne planen for forvaltningsrevisjon gjeld inntil ny plan ligg føre.
5. Kommunestyret registrerer at utføring av forvaltningsrevisjonsprosjekta må koordinerast med statlige tilsyn (Fylkesmannen).

## **Vedlegg**

1. Overordna analyse, utarbeida av Vestland Revisjon.
2. Bestilling av Overordna analyse til Vestland revisjon.
3. Utskrift frå møteprotokoll, Eventuell forvaltningsrevisjon – Kontroll av Nordfjord Havn IKS.

## **Saksopplysningar**

### **Forvaltningsrevisjon**

Kommunelova § 23-2 bokstav c) pålegg kontrollutvalet å sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av kommunen sin verksemd og selskap kommunen har eigarinteresse i. § 23-3 definerer forvaltningsrevisjon som å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, målinnfriing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak.

### **Plan for forvaltningsrevisjon**

Kommunelova § 23-3 andre ledd set krav om at det skal utarbeidast plan for forvaltningsrevisjon: «Kontrollutvalget skal minst en gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utareide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner».

Kommunelova § 23-3 femte ledd slår fast at det er kommunestyret som vedtek plan for forvaltningsrevisjon, men dei kan delegerer til kontrollutvalet å gjere endringar i planen.

### **Risiko- vesentlegvurdering**

Kommunelova § 23-3 tredje ledd stiller krav om at planen for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering:

«Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper».

Risiko- og vesentlegvurderinga av kommunen si verksemd tek utgangspunkt i risiko for manglar eller avvik knytt til produktivitet, måloppnåing, regeletterleving, vedtaksoppfølging, internkontroll og/eller effektivitet.

Kontrollutvalet bestilte Risiko- og vesentlegvurdering – **Overordna analyse** – av Vestland Revisjon i sak 33/20. Jf. vedlegg 1.

### **Koordinering i utføring av prosjekt**

Utføring av forvaltningsrevisjonsprosjekta må koordinerast med statlige tilsyn (Fylkesmannen).

### **Problemstillingane i eit forvaltningsprosjekt**

Kontrollutvalet og sekretariatet vil i samband med behandling av **prosjektplan** avgjere problemstillingane i samarbeid med revisjon.

### **Aktuelle forvaltningsprosjekt. Jf. dokumentet Overordna analyse**

#### Kommunedirektøren

sine innspel til prosjekt kjem fram på side 17. Jf. også «svarbrevet» som kjem fram på side 36 og 37.

#### Revisjonen

Summerer opp aktuelle prosjekt på side 17 til side 20.

Revisjonen har særleg merka ut (rødt) flg. område der det kan vere høg risiko for manglande etterleving av reglar, under dette internkontroll, måloppnåing, vedtaksoppfølging eller rapportering:

Personvern/GDPR handtering i digitale system. Sjå side 6.

Økonomi. Sjå side 7.

Beredskap. Sjå side 9.

#### Forvaltningsrevisjon på selskap

Forvaltningsrevisjon på selskap må også takast standpunkt til i denne saka. Ein viser særleg til vedlegget som kan gi grunnlag for ein kontroll på Nordfjord Havn IKS.

#### Stad kommune.

«Kontrollutvalet prioritere ikkje forvaltningsrevisjon på Nordfjord Hamn IKS, då kommunen har meldt seg ut av selskapet.»

#### Stryn kontrollutval, tilbakemelding v/sekretariatet:

«Oversendinga frå kontrollutvalet i Kinn har vore lagt fram under skriv og meldingar til kontrollutvalet i Stryn 1.9.20.

Frå møteboka:

*Innpel om Nordfjord havn vert teke med som punkt til sak om kontrollutvalsplan.*

Kontrollutvalet i Stryn handsamar planen 22. september. Kommunestyret har møte 22. oktober, så endeleg prioritering kjem først då. Eg kan sende deg utvalet si handsaming etter 22. september som førebels informasjon.»

Prioriteringa frå kontrollutvalet i Stryn vil då ligge føre til behandlinga av Planen for forvaltningsrevisjon i Kinn kontrollutvalet.

Fekk 23.09.2020 flg. frå Stryn kontrollutval v/sekretariatet:

«Nedanfor er prioritering i Stryn kontrollutval, sak 40/20 den 22.9.20. Planen vert handsama i kommunestyret den 22. oktober.

*Kontrollutvalsplan frå 2020 vert vedteken med følgjande prioritering:*

- 1 *IKT-tryggleik og personvern*
- 2 *Tilrettelegging og spesialundervisning ved språkvanskar*
- 3 *Barnevern*
- 4 *Psykisk helse – oppvekst*
- 5 *Plan og areal*
- 6 *Omsorg – demografi*

- 7 *Oppvekst – IKT*
- 8 *Tilsetjingsprosess*
- 9 *Nordfjord Havn IKS*

Om kommunestyret i Stryn vedtek kontrollutvalet sin plan med denne prioriteringa er det lite truleg at dei vert med på ein forvaltningsrevisjon av Nordfjord Hamn IKS i denne plan perioden.

Gloppen kontrollutval, tilbakemelding v/sekretariatet:

Oversendinga frå kontrollutvalet i Kinn har vore lagt fram under skriv og meldingar til kontrollutvalet i Gloppen 3.9.20.

### **Prioritering av forvaltningsprosjekt**

Kontrollutvalet må i møtet prioritere og setje opp dei mest aktuelle prosjekta for gjennomføring før saka går til kommunestyret.

Eventuelle forvaltningsprosjekt på selskap der kommunen har eigarinteresser må prioriterast i denne planen. Sjå side 29 i rapporten har revisjonen lista opp slike selskap. I tillegg kjem Nordfjord hamn IKS der Selje kommune si eigarinteresse har gått over til Stad kommune.

### **Plan for eigarskapskontroll**

Risiko- og vestenlegvurderinga av kommunen sine eigarskap i selskap skal ta utgangspunkt i risiko for at selskapa ikkje driv i samsvar med kommunestyret sin vedtak og føresetnader, eller at dei ikkje driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte.

Sekretariatet vil seinare kome tilbake med eiga sak med Plan for eigarskapskontroll.

<b>Saksnr.:</b>	<b>Arkivnr.:</b>	<b>Dato:</b>	<b>Møtedato:</b>	<b>Saksbehandlar:</b>
84/20	151	22.09.2020	28.09.2020	JS/KS

## **BUDSJETT FOR KONTROLLUTVALET 2021**

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet ber kommunestyret løyve ei ramme på kr 240.000 til bruk for sjølve kontrollutvalet for 2021.

### **Saksopplysningar**

Kontrollutvalet skal, jf. forskrift om kontrollutval § 2. utarbeide forslag til budsjett for kontrollareidet i kommunen. Forslaget skal følgje innstillinga til årsbudsjett etter kommunelova § 14-3 i tredje ledd til kommunestyret.

Sekretariatet har hatt dialog med Stabsleiar Lida Myhre Larsen i Kinn kommune og med kst. dagleg leiar/revisjonssjef i Vestland revisjon og styret i Vest kontroll.

Når det gjeld sjølve kontrollutvalet har ein førebels, i samråd med stabsleiar, sett inn det same som var løyvd i 2020:

Møtegodtgj.	kr 73.000,-
Tapt arb.fortj.	kr. 25.000,-
Pensj.utg.	kr 10.950,-
Arb.gj.avg.	kr. 15.362,-
Abonnement	kr. 5.000,-
Beverting	kr 9.000,-
Frikjøp	kr 20.000,-
Hotell/overn	kr. 18.000,-
Reiseutg.	kr 45.000,-
Husleie	kr. 10.000,-
Kontingent	<u>kr 8.000,-</u>
<b>Totalt</b>	<b>kr. 239.512,-</b>

Budsjettet for sekretariatet Vest kontroll og betalinga frå Kinn kommune vert vedteke i representantskapet den 30.09.2020.

Budsjettet for Vestland Revisjon og kalkulert betaling frå Kinn kommune vert ikkje klart før i slutten av oktober.

Løyvinga til sekretariat (fast beløp) og revisjonen (fast og etter bruk) må ein såleis kome attende til nåvedtaka frå desse organa ligg føre.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
85/20	033	16.09.2020	28.09.2020	KS/JS

## OPPFØLGINGSLISTE

### Samrøystes innstilling

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista for kontrollutvalet til vitende.

### Vedlegg

Oppfølgingsliste for kontrollutvalet. Utarbeidd av Vest Kontroll.

### Saksopplysning

Viser til vedlagd oppfølgingsliste for kontrollutvalet.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
86/20	033	18.09.2020	28.09.2020	JS, JSa

## SAKER TIL EVENTUELL SEINARE BEHANDLING

### Samrøystes vedtak

1. Kommunedirektøren vert innkalla til neste møte for å gi utfyllande opplysningar vedkomande Fotballhallen i Florø. Utvalet peikar spesielt på:

- a. Kva midlar som stod på Kinn kommune sin konto ved utsending av anbodspapira 28.01.20.
- b. Vart det gjort naudsynte vedtak i Kinn kommune som gav Kommunedirektøren fullmakt til å starte opp arbeidet. Eventuelt kome med forslag til kva vedtak som må gjerast av Kinn kommunestyre.

Jfr. Verbalvedtak i budsjettet sak 75/20 pkt 36 «Rådmannen skal i løpet av våren 2020 ha føretatt en gjennomgang av investeringane i kommunebudsjettet og komme til bystyret med ein sak om korleis disse bør gjerast. Det er ein føresetnad at politikarane skal vere løpande involvert i budsjettprosessen, gjennom hovudutvala og formannskapet som finansutval, for å bli betre kjent med heile Kinn sine investeringar.»

Jfr også vedtak i formannskapet sak 9/20 med tilhørende saksutredning.

<https://innsyn.onacos.no/kinn/wfdocument.ashx?journalpostid=2020002628&dokid=1333284&versjon=3&variant=A&>

- c. Er vilkåra for utbetaling av tilskot frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune som er referert i brev av 04.05.2020 og om dette er oppfylt med gyldig finansieringsplan vedteken av Kinn kommunestyre.  
<https://innsyn.onacos.no/kinn/wfdocument.ashx?journalpostid=2020012583&dokid=1352169&versjon=3&variant=A&>
- d. Er det samsvar mellom underskrivar på brevet av 04.05.2020 ref nr 20/256-20/12583/MAKD og den elektroniske underskrifta?  
<https://innsyn.onacos.no/kinn/wfdocument.ashx?journalpostid=2020012583&dokid=1352169&versjon=3&variant=A&>
- e. Er gåvebrev frå SFE side 37 i vedlegga er i tråd med brev frå adv Odd Hylland. (Gjeld kravet frå SFE om profileringsplass) Er det reelt gåvemidlane som er brukte når der ligg krav om tilbakebetaling dersom prosjektet ikkje skulle verte realisert . Er gåvemidlane å betrakte som eit lån til Kinn kommune?
- f. Kva er gjorde av politiske vedtak i Kinn kommune utover budsjettvedtak? Kva organ i Kinn kommune har politisk klarert prosjektet.? Er det vedtak i gamle Flora bystyre som er brukt som oppstartsvedtak?

Utvalet ber om at skriftleg svar blir gitt til sekretariatet innan 15.10.2020.

2. Kontrollutvalet ber kommunedirektøren, eventuelt ordføraren om informasjon om kva som er status om kravet om lovlegheitkontrollen av møtet i Sakkyndig nemd for eigedomsskatt 17.04.2020.
3. Kontrollutvalet ber om tilbakemelding frå kommunedirektøren om rutiner for innføring og endring i matrikkelen ved retaksering.
4. Kontrollutvalet ber om tilbakemelding frå kommunedirektøren om bevilga, ikkje utbetalte midlar til Ocean Hyway Cluster som ikkje er med i budsjettet for 2020.

## **I møtet**

Nils Myklebust sette fram forslag om å få utfyllande svar vedkomande Fotballhallen i Florø.

Kjell Heggen tok fram spørsmål om svar på lovlegheitskontroll av møte i Sakkyndig nemnd for eigedomsskatt i Kinn kommune 17.04.2020. Etter opplysningar er ikkje kravet om lovlegkontroll behandla og evt. sendt over til Fylkesmannen for endeleg behandling.

Bjørn Hollevik tok opp at det er reist usikkerhet om endringar i samband med forrige taksering i Flora er kome inn i matrikkelen.

Han ønsker også svar på kva som har skjedd vedkommande løyvde midlar som ikkje er utbetalte og heller ikkje med i budsjettet for 2020. Det blei referert til forespørsel frå dagleg leiar i Maritim Forrening om utbetaling av dei siste 25% av prosjektmidlar på totalt kr 750 000 løyvde til finansiering av delprosjekt i Arenaprogrammet Ocean Hyway Cluster.

Følgande svar har dagleg leiar i Maritim Forrening motteke frå kommunalsjef Rolf Bjarne Sund:

«I førre runde sjekka vi vedtaket i Fellesnemnda. Her er alle midlane utbetalt i 2019. Nettopp for å unngå denne situasjonen. Nei, vi har ikkje midlane på bok enda. Dette er ei forplikting som Flora bystyre har påtatt seg. Noko vi må løyse i Kinn. Vi må gjere dette i novembermøtet. Fram til da har vi ikkje pengar til å betale».

## **Vedlegg**

1. E-post, av 21.09.2020. «Fotballhall» frå Nils Myklebust.
2. Frå orienteringa til kommunedirektøren vedkomande «Fotballhallen» i møtet 01.09.2020. Det skriftleg materialet som han har sendt over.

## **Saksopplysninga**

### «Fotballhallen»

Nestleiar i kontrollutvalet Nils Myklebust har sendt over kommentarar vedkomande kommunedirektøren si orientering / svar på spørsmåla i sak 67/20.

Vedtaket i sak 67/20 var slik:

Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunedirektøren til vitende, men vil ha høve til å kome tilbake til saka når utvalet har fått tid til å gå gjennom utdelte/tilsendte vedlegg.

Kontrollutvalet må drøfte om ein skal gå vidare/bruke meir ressursar i denne saka, eller om utvalet ser på den som avslutta.

### Andre aktuelle saker

Sekretariatet har ikkje fått innspel om andre aktuelle saker.

**Møtet slutt.**

Bjørn Hollevik  
Leiar

Rune Nilsen  
Vara

**Møteprotokollen går til:** **Kommunestyret i Kinn som melding**  
Vestland Revisjon KO  
Kommunedirektøren til orientering  
Ordføraren til orientering